

Doktor Haugen slik du minnest han 24.

30.12.2014



Med høgre armen i gips.

Peder Ljosnes hadde mykje kontakt med dr. Haugen etter som han i den tida jobba på bilvekstaden Hauge Auto i Dimmelsvik. Han har fortalt følgjande gode historie.

Dr. Haugen skulle på låveskukkjen og henta ei spekeskinke. Uhellet var ute, og han ramla ned og braut høgre armen. Dermed bar det til Valen til sjukehuset for gipsing av armen. Det var 3 helsearbeidarar som stod for gipsinga.

- Dette er mye for mye folk for en sånn jobb, kommenterte han før han reiste heim att.

Ein dag eller to seinare var han uheldig og punkterte. Å skifta hjul med høgre armen i gips vart for vanskeleg. For å klare det skar han opp gipsen på armen i ein overdel og ein underdel. Såleis tok han gipsen av for å klara å skifta hjul.

Seinare kom han ut til Hauge Auto for å få lappa det punkterte hjulet.

Han bad om å få låna verkstadbenken. Deretter la han armen i underdelen av gipsen på benken. Så la han den andre delen over og surra det godt med plaster. Dermed var gipsen på plass att og doktoren for av garde.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.